



LOKALE VEDTEKTER FOR GARNES SFO **(SKOLEFRITIDSORDNING)**

1. Forankring og hjemmel

Garnes skule-SFO sine vedtekter er forankra i [Vedtekter for Bergen kommunes skolefritidsordninger, revidert 28.04.2021](#) (§11).

2. Opningstider/-dagar.

SFO er open alle virkedager i 11 månader unnateke 5 planleggingsdager. For skuleåret 2021-2022 er desse dagane stengt: 13. aug, 13. sept, 24. des ½ dag, 31. des ½ dag, og 27. mai.

SFO er stengt i heile juli.

SFO stenger kl.12 onsdag før skjærtorsdag.

Ein kan velje mellom heil eller redusert plass:

- Heil plass er: kl. 7.30 - 16.30 kvar dag
- Redusert plass er inntil 60% av SFO tida
- Redusert plass kan vera:
 - Kl. 7.30 til kl. 14.30
 - Etter skuletid til 15.30
 - Eller 2 dagar ei veke, 3 dagar neste veke
- Oppseiing av plass må skje skriftleg med ein månads varsel, oppseiingstida vert rekna frå den datoen oppseiingar vert registrert ved skulen/sfo og ut neste månad. Ved oppseiing etter 1.april må ein betale til og med juni månad. For meir informasjon, sjå Bergen kommune sine [nettsider](#)

3. Organisering og bemanning

Rektor har det overordna faglege og administrative ansvar for SFO.

Avdelingsleiar SFO har ansvar for den daglege drifta. Samarbeidsutvalet ved Garnes skule er styret for Garnes SFO. SU har rett og plikt til å handsama saker som gjeld SFO. Alle foreldre i SFO er med i foreldrerådet.

4. Inne- og uteareal

- a. **Bruk.** SFO disponerer skulen sine lokaler (sambruk) både inne og ute.
- b. **Samla areal.** Skulen og SFO sitt bruttoareal er innenfor gjeldande regelverk med 2kvm inne og 30 kvm ute per barn.

5. Bruk av inventar og utstyr.

Sambruk med skulen.

6. Organisering av smøremåltid.

Måltida vert gjennomført i klasseroma, oppe og nede. Det vert servert eit enkelt smørjemåltid, yoghurt m gryn, nokre gonger varm mat og graut kvar fredag.

7. Samarbeid skule/SFO.

- a. Avdelingsleder SFO er ein del av skulen sitt leiarteam.
- b. Me har dagleg kontakt og informasjonsoverføring mellom skule og SFO.
- c. SFO deltek på ansvarsgruppemøter der det er aktuelt
- d. Samarbeid om arbeid med elevane sitt psykososiale miljø, felles Olweusarbeid
- e. Felles planleggingsdagar for heile personalet.
- f. Skule og SFO samarbeider om overgangen frå barnehage til skule.

8. Foreldresamarbeid

- a. Besøksdag (ettermiddag) for nye SFO-barn (1.trinn) før sommaren.
- b. Avdelingsleiar SFO besøkjer dei ulike barnehagane i nærmiljøet.
- c. Eit foreldremøte for dei nye SFO-barna i samband med besøksdag
- d. Jamnleg dialog ved behov gjennom telefon, sms og e-post.

Vedtektene er gyldige inntil avtalen vert revidert og godkjent av skulen sitt samarbeidsutvalg, eller når Bergen kommune endrar vedtektene.